

Orientering om produksjonstilskott for 2021

Søknadsfrist for produksjonstilskott i 2021 er **torsdag 25. mars**.

Søknadsskjema og informasjon blir tilgjengelig via Medietilsynets nettsider i siste halvdel av januar 2021.

Endeleg vedtak om tildeling eller avslag på søknad om produksjonstilskott for 2021 blir gjort i oktober/november.

Om avisa ikkje har tenkt å søke om tilskott for 2021, ber Medietilsynet om å bli orienterte om det så snart som mogleg via e-post til produksjonstilskudd@medietilsynet.no.

Skal avisa søke om produksjonstilskott for første gang, ber Medietilsynet om å bli orientert om dette innen 18. februar via e-post til produksjonstilskudd@medietilsynet.no.

Søknad via «Min side»

Søknadar skal sendast via «Min side» – Medietilsynets digitale sjølvbeteningsportal, sjå: <https://medietilsynet.no/om/min-side/>.

Medietilsynet må ha oppdatert kontaktinformasjon for at saksbehandlinga skal gå rett føre seg. Om avisa skal søke om produksjonstilskott og du ikkje allereie har tilgang til «Min side» må du sende følgande informasjon til produksjonstilskudd@medietilsynet.no

- Organisasjonsnummer på avisa/publikasjonen
- Namn og e-post til person som skal fylle ut søknaden
- E-post, namn og revisorføretak til revisor

Det er ikkje mogleg å logge inn på «Min side» før Medietilsynet har registrert deg som brukar og du har fått invitasjon på e-post. Dette gjeld òg dersom den personen som skal fylle ut søknad om produksjonstilskott er ein annan enn den som søkte om produksjonstilskott i fjor, eller om den som skal fylle ut søknaden, har fått ny e-post-adresse.

Les meir her <https://medietilsynet.no/om/min-side/>

Berekning av produksjonstilskottet

Ramma for produksjonstilskottet er 369,5 millionar kroner for 2021, ein auke på ti millionar frå 2020.

Utbetaling og bruk av produksjonstilskottet

Produksjonstilskottet til nyheits- og aktualitetsmedium blir utbetalt forskottsvis per kvartal. Fastsettinga av storleiken på det kvartalsvise

forskottet baserer seg i hovudsak på kva avisa fekk i samla produksjonstilskott året før tilskottsåret. Medietilsynet vil overføre første kvartalsvise forskott på produksjonstilskottet for 2020 til avisa i løpet av januar. Forskotta for andre og tredje kvartal i år blir utbetalte i april og i slutten av juni. Fjerde utbetaling og endeleg oppgjør skjer normalt i oktober/november, etter at tilskottssatsane for 2021 er fastsette av Kulturdepartementet. Eventuelt for mykje utbetalt forskott blir kravd tilbakebetalt. Aviser som i 2020 fekk vedtak om [avkorting av tilskott etter forskrifta](#), får justert utbetalt forskott i 2021 i tråd med storleiken på avkortinga.

Prognose for produksjonstilskott i 2021

Medietilsynet tar sikte på å gi ei prognose for kor stort tilskottet i 2021 til det enkelte medium kan forventast å bli før sommaren. Prognosa blir kunngjort på Medietilsynet sine nettsider. Du kan følge alle pressemeldingar og saker frå Medietilsynet ved [å abonnere på våre nyheiter](#).

Vilkår for utbetaling av utbytte

Selskap som får produksjonstilskott kan [utbetale utbytte etter reglane i forskrifta](#). Gjennomsnittleg effektiv årsrente i 2019 på statsobligasjonar med ti års løpetid var 1,49 prosent. Utbetalt utbytte i 2020 kan dermed ikkje overstige 3,49 prosent av eigenkapitalen til medieselskapet. [Les meir om utbetaling av utbytte i «Rettleiing om utbytte som er tillate for medium som får produksjonstilskott»](#).

Nye retningslinjer for innhaldsvurderingar og kontrollar av publikasjonar

Medietilsynet har utarbeidd nye retningslinjer for innhaldsvurderingar som beskriv krava til formål og innhald i forskrift om produksjonstilskott til nyheits- og aktualitetsmedium. Retningslinjene gjeld for vurdering av nye aviser som søker om produksjonstilskott. Framover kjem Medietilsynet også med visse mellomrom til å gjere ein tilsvarande vurdering for publikasjonar som allereie er innanfor ordninga for å sikre at dei framleis innfrir krava.

[Les meir om innhaldsvurderingar i «Retningslinjer for innhaldsvurdering, Produksjonstilskudd»](#)

Andre vilkår

Utdeling av stønad og utbetaling av forskott føreset at avisa kjem ut og at tilskottet blir nytta til å gi ut avis. Riksrevisjonen, Kulturdepartementet og Medietilsynet kan iverksette kontroll med at midlane blir nytta etter vilkåra. Overførte midlar som ikkje blir brukte etter vilkåra eller blir ståande ubrukte, skal betalast tilbake.